



Tormod Myklebust under lastinga i Uskedalen

817 sekkar med kle, sko og anna er samla inn av uskedelingen Tormod Myklebust og hjelparane Helge og Øyvind Naterstad' frå Seimsfoss i Kvinnherad dei 2 siste dagane. Semitrailaren vil på vanleg vis bli fylt opp frå THK-lageret i Haugesund og set torsdag kursen mot Korosten i Ukraina med uskedelingen ved rattet. Dette er tur nummer 8 for han med hjelpesending til dette landet.



Mindre enn sist, men likevel god oppslutnad

Under stoppen her i bygda i føremiddag vart det levert 150 sekkar mot 211 sist. Men det stoppa på 170 sjølv på Husnes, Talet på sekkar var 570 sist men då var det stopp berre 4 stader.

Det er plass til 1200 sekkar i bilen og den vert alltid fylt før turen startar. Denne gongen skjedde innsamlinga over 2 dagar og bilen stoppa på 11 stader.

Tormod seier seg godt fornøgd med resultatet på bakgrunn av at desse sendingane no har pågått nokre år. Som tidlegare var det berre positive kommentarer å høyra under innsamlingsrunden og folk forstår at behovet for hjelp til dette store landet framleis er til stades i stor grad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen